



Lisbeth Stensletten og dottera Åsta Marie var blant dei som var på juleblomsthandel.

Dersom nokon har problem med å komme i julestemning, anbefalar eg ein tur i butikken til Gro's Blomster. Julefargane strøymer mot oss i det vi kjem døra, og her finn vi alle dei fine juleblomane som pottplanter, eller i dekorasjonar og samanplantingar. I tillegg er det mykje fint i pynteting!

Kundestraumen er stor, men Gro er godt førebudd på julestria. I dag har ho med seg tre gode medhjelparar, og dermed får kundane rask og god hjelp. Ja, i tillegg til dei i butikken er det nok også ei travel tid for ektemannen Kjell.

Utvalet er rikt, og den vesle, koselege butikken bugnar av jul.

I tillegg kan ein få kjøpt lokal julelektyre, Uskedalsposten, og lokal musikk av platedebutanten Øyvind Sture.



Eit lite utsnitt av alle dei flotte juleblomane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.